

VEDTEKTER FOR HJELLBAKKANE BARNEHAGE STI

Vedteken: 27.07.1987

Sist endra 21.04.2026

1.0 Eigar

Barnehagen er eigd av Stiftinga Hjellbakkane barnehage.

Stiftinga har eit ideelt, ikkje-økonomisk formål.

Grunnkapitalen er Hjellbakkane barnehage med tomt, innbu og lausøyre.

Stiftinga forpliktar seg til å overdra tomt, bygningar og utstyr til Volda kommune dersom dei vil avvikle den private barnehageverksemda.

Det sit 5 foreldrepar i stiftinga Hjellbakkane barnehage STI, frå desse verte 4 vald inn i styret som medlem, og ein som møtande vara. Frå dei tilsette sit ein representant som medlem, og ein tilsett som møtande vara. Val av styret skjer på årsmøtet i april kvart år, om eit foreldrepar ikkje har barn i barnehagen frå hausten same år, verte nytt foreldrepar vald inn i stiftinga på årsmøtet.

2.0 Formål

«Barnehagen skal i samarbeid og **forståing** med heimen ivareta barn sine **behov** for omsorg og leik, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er **forankra** i menneskerettane.

Barna skal få glede seg over å skape, undre seg og forske. De skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggjande kunnskapar og ferdigheter. De skal ha rett til medverknad tilpassa alder og føresetnader.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommen si eigenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i leik og læring, og være et utfordrande og trygt sted for fellesskap og venskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering»

3.0 Målsetjingar

Dei overordna måla finn vi i Lov om barnehagar og i Forskrift om rammeplan for innhaldet i og oppgåver til barnehagen. Årsplan for Hjellbakkane barnehage beskriv eigne målsetjingar tilpassa vår grunntanke:

Hjellbakkane barnehage ønskjer å fremje fysisk aktivitet ute i naturen året rundt. Dette klargjærast nærare gjennom kunnskapsmål, dugleiksmål og haldningsmål i det direkte arbeidet med barna (sjå årsplan)

4.0 Foreldreråd og samarbeidsutval

Alle foreldre eller føresette i Hjellbakkane barnehage inngår i foreldrerådet, og skal fremje fellesinteresser og bidra til samarbeid mellom barnehagen og foreldregruppa.

Samarbeidsutvalet er eit rådgjevande og kontaktskapande organ, som er heimla i barnehageloven. Samarbeidsutvalet skal godkjenne årsplan, og har uttalerett i saker som er relevant for den daglege drifta. Samarbeidsutvalet består av to representantar og ein vara frå foreldrerådet og to representantar og ein vara frå dei tilsette.

5.0 Opptak av barn

Opptaket i Hjellbakkane barnehage følgjer samordna opptak i Volda kommune.

Hjellbakkane barnehage tilbyr full plass og 80%plass.

I samsvar med barnehagelova §13 har barn med nedsett funksjonsevne og barn som det er fatta vedtak om etter lov om barnevernsteneste §§4-12 og 4-4 andre og fjerde ledd, rett til prioritet ved opptak i barnehage. Vidare prioriteringar i Hjellbakkane barnehage:

1. Barn som allereie går i barnehagen
2. Sysken til barn som allereie har plass i barnehagen
3. Barn til medlemmar av «Stiftinga Hjellbakkane barnehage»
4. Barn og sysken som har vore i barnehagen for inntil 3 år sidan
5. Barn frå Volda kommune prioriterast ved opptak. Barn frå andre kommunar kan tildelast plass dersom det er ledige plassar.

Dagleg leiar innstiller til opptak. Styret kan delegere opptaksmynde til dagleg leiar

5.1 Overflytting til Hjellbakkane barnehage STI frå annan barnehage

Ved søknad om overflytting gjeld same opptakskriterium som andre søkjarar. Når foreldre/føresette takkar JA til tilbod om overflytting, vil noverande tilbod bli avslutta.

6. Foreldrebetaling

Foreldrebetalinga blir fastsett av styret i barnehagen. Barnehagen fyljer gjeldande lovverk og føresegner for foreldrebetaling og moderasjonar. Det vert betalt for 11 månader i året (betalingsfri i juli), og ein må betale frå og med den månaden ein blir tildelt plass.

Oppseiingstida for ein barnehageplass er **to månadar**, rekna frå den 1. i påfølgjande månad. Det er ikkje høve til å seie opp plassen med verknad etter 1. mai. Ein må då likevel betale ut barnehageåret. Ved overgang til skulestart treng ein ikkje å seie opp plassen.

7. Kostpengar

Barnehagen følger gjeldande lovverk og satsar frå staten. Foreldrestyret i barnehagen kan årleg justere matprisane i følgje Kpi-jae (konsumprisindeksen). Endringa i pris verte varsla på førehand, og er gyldig frå 01.januar kvart år.

8. Leike – og opphaldsareal

Barnehagen skal ha lokale og uteområde som eignar seg til formålet. Leike- og opphaldsareal inne skal vere 4m² per barn over 3 år, og 5,3m² per barn under 3 år. Arealet ute skal vere 100m² per barn.

9. Opningstid og ferie

«Barnehagen er open frå kl. 07.30 – 16.45 måndag til fredag. Barnehagen er stengt dei to siste heile vekene i juli, kva veker dette er verte frå år til år informert om i årsplan. Styrrar kan, i

samråd med samarbeidsutvalet, vurdere og stenge ei veke til i juli. I tillegg er barnehagen stengt måndag til onsdag i påskeveka, 23.12, og dagane mellom jul og nyttår. Det er sett av fem dagar i året til planlegging.

Alle barn skal ha fire veker ferie, derav tre veker samanhengande om sommaren. Dei tre samanhengande vekene skal avviklast i perioden 15.06-15.08. Ferie eller fri utover desse datoane står foreldre fritt til å velje sjølv. Barn som skal starte på skule, eller skal flytte til annan barnehage skal avvikle ferien før nytt barnehageår startar.

Nytt barnehageår startar 1. august.»

10. Internkontroll Dagleg leiar er ansvarleg for oppfølging av internkontroll etter gjeldande reglar og føresegner.